



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Oslo fylkeskommune
Rådhuset
0037 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/211-1

23.01.2017

Oppdragsbrev for statsbudsjettet 2017 - tilskot til Oslo fylkeskommune under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk - ramma er fastsett til 7,38 mill. kroner

Tilsegn nr.: 505 002

1 Innleiing

Vi viser til Prop. 1 S (2016–2017) for *Kommunal- og moderniseringsdepartementet* og Innst. 16 S (2016–2017). Departementet følgjer opp budsjettvedtaket frå Stortinget for 2017 av 15. desember 2016 gjennom dette oppdragsbrevet.

2 Ramme

Den samla løyvinga til fylkeskommunane for 2017 er på 1 205,2 mill. kroner. Løyvinga blir fordelt til, og stilt til disposisjon for kvar enkelt fylkeskommune. Sjå vedlegg 1 for oversikt over fordelinga av midlane.

Departementet har endra måla for programkategori 13.50. Programkategorien får no to hovudmål, eitt for distriktsretta innsats og eitt for regional utvikling. Budsjettpostane er organiserte etter dei nye måla. Løyvinga til Oslo er fordelt på desse måla og følgjande postar:

Postadresse

Kontoradresse

Telefon*

Sakshandsamar

NO-
postmottak@kmd.dep.no

<http://www.kmd.dep.no/>

22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Grethe Lunde

Tabell 1 Mål, kap./post og løyving for 2017 til Oslo fylkeskommune

Hovudmål	Delmål	Kap./post	Nemning	Løyving (i 1 000 kr)
2 Omstillingsdyktige regionar	2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse	553.60	Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse	7 000
	2.2 Økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene	553.63	Grenseregionale Interreg-program	375
Sum				7 375

Ramma til Oslo fylkeskommune er fastsett til 7,38 mill. kroner.

Fylkeskommunane har høve til å omdisponere mellom kap. 553, post 60 og post 63.

Midlane blir tildelte som tilskot utan krav om tilbakebetaling. Det vil seie at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av når dei er løyvde.

3 Regional- og distriktpolitiske mål

Dei overordna måla i regional- og distriktpolitikken er å føre vidare hovudtrekka i busetjingsmønsteret, å ta i bruk dei menneskelege og naturgjevne ressursane i heile landet for at vi skal ha ei størst mogleg nasjonal verdiskaping, og å sikre likeverdige levekår. Dei nye måla under programkategori 13.50 legg vekt på å gjere omstilling for bedrifter lettare på kort sikt og å byggje evne til omstilling i bedrifter, næringsmiljø og lokalsamfunn på lang sikt.

4 Den regional- og distriktpolitiske rolla til fylkeskommunane

Fylkeskommunane har ei sentral rolle i arbeidet med å realisere måla i tabell 1, og å fremje verdiskaping og regional utvikling i sine fylke. Fylkeskommunane har ansvar for at forvaltninga og bruken av verkemidla skjer i tråd med forskrift og retningslinjer for postane – sjå punkt 7. Fylkeskommunane skal prioritere bruken av midlane i forpliktande partnerskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar.

Departementet forventar at fylkeskommunane tek initiativ til samarbeid med verkemiddelaktørane (Siva, Innovasjon Noreg (IN) og Forskingsrådet). Departementet har ovanfor Siva, IN, Forskingsrådet og Distriktssenteret understreka verdien av eit godt samarbeid og samspel mellom aktørane og fylkeskommunane. Eit konstruktivt samarbeid bidreg til at dei regional- og distriktpolitiske måla blir nådde i større grad.

Utfordringar og moglegheiter varierer frå fylke til fylke. Regionale planar med mål og strategiar skal difor utviklast i samarbeid, og innsatsen til aktørane må vere slik at dei byggjer opp under kvarandre. Fylkeskommunane har leiaransvaret for strategisk

samordning regionalt og skal vere ein mobiliserande og koordinerande aktør overfor kommunane, regionale aktørar, næringsliv og anna samfunnsliv i sitt fylke. I tillegg er det viktig at det internasjonale arbeidet, via Interreg-samarbeidet, er ein integrert del av arbeidet med å fremje omstillingsdyktige regionar.

5 Oppdrag til fylkeskommunane

Nedanfor blir oppdraget til fylkeskommunane omtalt. Med utgangspunkt i dei nye måla for programkategori 13.50 og ny budsjettstruktur vil departementet vidareutvikle dialogen med fylkeskommunane på ulike arenaer. Dialogen skal bidra til styring/resultatoppnåing, læring og samordning for både departementet og fylkeskommunane. Representantar for fylkeskommunane vil bli trekt inn i arbeidet med å vidareutvikle dialogarenaene.

5.1 Hovudmål 1: Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta

Delmål 1.1 Eit verdiskapande næringsliv i områder med spreidd busetting og store avstandar

Kap. 550, post 62 *Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta*

Den samla løyvinga på posten er 519,2 mill. kroner. Posten omfattar investeringstilskot, bedriftsutviklingstilskot, distriktsretta risikolån og garantiar og distriktsretta tilskot til etablerarar. I dei regionale partnerskapa skal Innovasjon Noreg (IN) og fylkeskommunane samarbeide om å setje mål og leggje strategiar for utviklinga av næringslivet i fylket. På bakgrunn av vedtekne fylkeskommunale planar og strategiar skal fylkeskommunane gje oppdrag til IN om å forvalte ordningane. Fylkeskommunane kan i oppdraget gje ein profil på bedriftsutviklingstilskotet som til dømes satsing på kvinner, gründerar, kompetanse eller mobilisering til vekst og internasjonalisering. IN får frå 2017 ikkje lenger nasjonale midlar til slike satsingar frå departementet.

Målet for alle ordningane er å bidra til eit verdiskapande næringsliv i områder med spreidd busetting og store avstandar. Målgruppa er bedrifter og entreprenørar i verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte¹. For alle ordningane er dei viktigaste kriteria for måloppnåing verdiskaping, sysselsetting, nyskaping og omstilling. Det blir lagt vekt på at innsatsen skal gje positive ringverknader for lokalsamfunnet og næringsmiljøet. Midlar frå IN skal avlaste risiko og vere utløysande for at prosjekt blir gjennomførte. Fylkeskommunane skal be IN vurdere søknadene frå bedriftene etter kvalitet. Minst 40 prosent av dei direkte bedriftsretta verkemidla skal nå fram til bedrifter med kvinneleg leiar eller eigar.

Fylkeskommunane skal sende oppdragsbrev til IN seinast 1. mars. KMD ber om å få kopi av oppdragsbrevet til IN. Det er utarbeidd ein mal for korleis oppdragsbrevna frå

¹ [Regjeringen.no – Virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte 1. juli 2014–31.desember 2020](https://www.regjeringen.no/no/tema/virkeomradet-for-distriktsrettet-investeringsstotte-1-juli-2014-31-desember-2020)

fylkeskommunane kan sjå ut (sjå vedlegg 8). Vi ber om at denne malen blir lagd til grunn for oppdragsbrev, og årleg rapport frå IN til fylkeskommunane.

Fylkeskommunane skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader for oppdrag dei gjev til IN. Etter avtale med KS og IN blir midlane overførte direkte frå departementet til IN. For 2017 stiller departementet 51 mill. kroner til disposisjon for IN på post 62 på vegner av fylkeskommunane. I tillegg får IN 5 mill. kroner til dekkje kostnader ved nedbemanning/omstilling som følgje av samla reduksjon i dei nasjonale rammene under programkategori 13.50.

1. januar 2017 blei *lov om Innovasjon Norge* endra slik at eigarane (NFD og fylkeskommunane) ikkje lenger er ansvarlege for alle forpliktingane til IN. Samtidig trer ei ny avgjerd i kraft, som seier at den enkelte oppdragsgjevaren er ansvarleg for at IN kan følgje opp forpliktingar som er knytte til dei låne- og garantiordningane som oppdragsgjevaren har lagt til selskapet. I tråd med dette blir ansvaret til fylkeskommunane ført vidare for forpliktingar som gjeld dei låne- og garantiordningane som IN forvaltar på oppdrag frå fylkeskommunane.

Delmål 1.2 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i områder med særlege distriktsutfordringar

Kap. 550, post 64 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn

Den samla løyvinga på posten er 373 mill. kroner. Midlane blir fordelt til fylkeskommunane. Innanfor ramma på posten er det sett av 10 mill. kroner til ordninga *Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområda*.

Målet med posten er å fremje inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar. Midlane skal nyttast til å auke attraktiviteten for befolkning og næringsliv. Fylkeskommunane vurderer kva for område som har særlege distriktsutfordringar i sitt fylke, jf. distriktsindeksen². Desse områda kan vere utanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte.

Departementet og fylkeskommunane har hatt dialog om konkretiseringa av kriteria for måloppnåing på posten. Verkemiddelbruken skal rettast mot lokale utfordringar og mål. Arbeid for å auke attraktiviteten er mangfaldig. Prosjekt og tiltak innafor denne posten vil difor vere ulike. I mange samanhengar utløyser midlane lokalt og regionalt samarbeid i større prosjekt.

Tiltaka skal bidra til attraktive lokalsamfunn, som legg til rette for næringsutvikling og å inkludere tilflyttarar. Kriteria for måloppnåing er nye arbeidsplassar, søkjarar til ledige stillingar, at lokalsamfunna beheld tilflyttarar og grad av deltaking i frivillige

² Regjeringen.no – Distriktsindeksen 2016

organisasjonar. Det skal i vurderingane av dei ulike prosjekta leggjast vekt på klare mål, konkret vurdering av resultata og læring for vidare arbeid, samt

- god lokal forankring, det vil seie at prosjekta skal følgje opp strategiar og planar med konkrete tiltak
- tverrsektorielt samarbeid, der ein samlar ressursar for å oppnå størst mogleg samfunnseffekt
- tiltak som bidreg til å byggje kunnskap og informasjonsdeling lokalt, regionalt og/eller nasjonalt.

Departementet vil bidra til læring mellom fylkeskommunane gjennom faglege arenaer. Gode resultat av arbeidet avheng av klare mål og god resultatoppfølging i dei enkelte prosjekta. Rapportering og dokumentasjon av resultata vil måtte bli tilpassa innretninga og storleiken på prosjekta. I mindre prosjekt vil rapporteringa vere knytt til aktivitetar. I prosjekt med finansiering frå fleire aktørar, der det kjem meir enn 500 000 kroner frå post 64, vil departementet be fylkeskommunane om å rapportere på resultat og effektar. Når eit prosjekt er avslutta, skal fylkeskommunane sende rapport om effektar og resultat i tråd med kriteria for måloppnåing til departementet for nasjonal kunnskapsbyggjing. Fylkeskommunane må vurdere om det skal gjerast gjennom evalueringar eller andre former for systematisering av kunnskap.

For alle prosjekt skal fylkeskommunane rapportere kor mykje midlar som blir utløyste frå andre finansieringskjelder med bidraget frå posten. Rapporteringa skal skje gjennom regionalforvaltning.no.

Fylkeskommunane avgjer sjølve korleis dei vil organisere arbeidet. Det kan skje gjennom eiga verksemd, kommunar og regionråd, statlege verksemder eller ved utlysing. Fylkeskommunane er ansvarlege for at det blir fastsett kriterium for tildeling som er tilpassa lokale og regionale utfordringar og strategiar.

Midlane til ordninga *Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområda* skal styrkje grunnlaget for næringsutvikling og verdiskaping i fjellområda gjennom å byggje kompetanse, nettverk, entreprenørskap og innovasjon i næringslivet. Kriteria for måloppnåing er økonomisk verdiskaping og næringsutvikling. Større regionale prosjekt skal prioriterast. Midlane skal nyttast til innsats på tvers av fylkeskommunane.

Oppland fylkeskommune har det overordna ansvaret for forvaltninga av midlane. Midlane kan ikkje omprioriterast til andre føremål. 2017 er det siste året for dette femårige programmet. Oppland fylkeskommune skal rapportere om bruken av midlane på same måten som anna statistikkrapportering. I tillegg skal Oppland levere ein årleg skildrande rapport seinast 1. mars.

5.2 Hovudmål 2: Omstillingsdyktige regionar

Delmål 2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse

Kap. 553, post 60 Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse

Løyvinga på 133 mill. kroner skal vere med på å skape omstillingsdyktige regionar gjennom å leggje til rette for velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse. Målet er å mobilisere til samarbeid mellom bedrifter i næringsmiljø og til koplingar mellom bedrifter og relevante utdanningsmiljø for å møte kompetansebehovet i næringslivet. Midlane blir fordelte likt mellom alle fylkeskommunane, med 7 mill. kroner til kvart fylke.

Dei viktigaste kriteria for måloppnåing er styrkt innovasjonsevne og betre tilgang til relevant kompetanse i bedriftene. KMD legg opp til at dette blir målt etter ei viss tid gjennom periodiske vurderingar, og vil gå i dialog med fylka om korleis dette skal gjennomførast.

Fylkeskommunane, eller den dei delegerer forvaltninga til, skal registrere alle tilsegn i regionalforvaltning.no. Departementet vil årleg hente ut rapport på følgjande kriterium for måloppnåing:

- Tal på mobiliseringstiltak for kompetanseheving og for samarbeid i næringsmiljø
- Tal på næringsmiljø med nytt eller styrkja samarbeid
- Tal på utviklingsprosjekt for kompetanseheving og tal for samarbeid i næringsmiljø

Ved utbetaling av midlar skal det rapporterast på følgjande kriterium for måloppnåing i regionalforvaltning.no:

- Tal på etablerte kompetansetilbod og tal på deltakarar/planlagde deltakarar fordelt på a) poenggjevande og b) ikkje-poenggjevande tilbod
- Tal på samarbeidsprosjekt i næringsmiljø av ulike karakter

Fylkeskommunane avgjer sjølve korleis dei vil organisere arbeidet og innsatsen i sin region. Det kan skje gjennom eiga verksemd, bruk av andre offentlege aktørar som IN, Siva og Forskingsrådet, eller ved kjøp av tenester. Organiseringa og innhaldet i arbeidet skal vere forankra i regionale nærings- og kompetansestrategiar i regionale partnerskap. Innsatsen skal nå mange bedrifter samtidig.

Departementet viser til at programmet for *Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljø* i regi av IN ikkje får nasjonal finansiering i 2017. Erfaring frå dette programmet kan ha verdi for bruk av midlane på posten.

Delmål 2.2 Økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene

Kap. 553, post 63 *Grenseregionale Interreg-program*

Det er sett av 50 mill. kroner til fylkeskommunane til den statlege finansieringsdelen for norsk deltaking i Interreg-programma Sverige–Noreg, Botnia-Atlantica, Øresund–Kattegat–Skagerrak (ØKS), Nord og Kolarctic. Noreg deltek i Interreg for å fremje ei ønskt regional utvikling i Noreg gjennom samarbeid om grenseregionale utfordringar. Målet med Interreg er smart, berekraftig og inkluderande vekst, og sosial integrasjon gjennom samarbeid over landegrensene. Programdokumenta regulerer satsingsområde, tildelingskriterium, kriterium for måloppnåing, aktivitetar og resultatoppnåing, evaluering og krav til innhald i årsrapport.

I 2017 er innsatsen i Nord-Noreg og i det distriktspolitiske verkeområdet prioritert. Programma Øresund–Kattegat–Skagerrak (ØKS), Botnia–Atlantica og Sverige–Noreg får difor ein reduksjon i nasjonal finansiering på høvesvis 17 mill. kroner, 1,4 mill. kroner og 3 mill. kroner.

Midlane til kvart enkelt program/delprogram vil bli overførte til dei fylkeskommunane som er sekretariat. Dette vil seie at den utbetalte ramma vil avvike frå den tildelte ramma, som vist i vedlegg 1. Ei oversikt over fylkeskommunane og sekretariata er å finne i vedlegg 2.

Delmål 2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga

Kap. 553, post 65 *Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden*

Den samla løyving på posten er 130 mill. kroner. Løyvinga skal styrkje næringsgrunnlaget og bidra til etablering av nye arbeidsplassar i kommunar/regionar som opplever ein vesentleg reduksjon i sysselsetjinga.

I 2017 er det sett av 95 mill. kroner til omstilling. Tildelinga er basert på innspel frå fylkeskommunane om særlege omstillingsbehov i regionar og lokalsamfunn, og ei vurdering av både kortsiktige og langsiktige omstillingsbehov.

Det viktigaste kriteriet for måloppnåing er talet på arbeidsplassar som blir etablerte som følge av omstillingsarbeidet. IN rapporterer dette til departementet for 2016. Andre kriterium for måloppnåing er i kor stor grad omstillingsarbeidet har medverka til å styrkje næringsgrunnlaget. Eit tredje kriterium er om løyvinga har ført til styrkt utviklingsevne i kommunen. Dei to siste kriteria blir handsama gjennom evalueringar i regi av IN. Departementet vil leggje til rette for at fylkeskommunane frå og med 2017 skal kunne rapportere talet på arbeidsplassar gjennom regionalforvaltning.no. IN har

sett i gang eit prosjekt for å hente inn tal på etablerte arbeidsplassar. Prosjektet skal vere ferdig til sommaren 2017.

IN vil i 2017 få 15 mill. kroner over posten til omstillingsarbeid, direkte utbetalt frå departementet. Midlane skal sikre at selskapet kan vere eit nasjonalt kompetanseorgan innanfor omstilling for fylkeskommunane og kommunane. Løyvinga skal òg dekkje gjennomføringskostnader.

Midlane på posten skal i tillegg dekkje 20 mill. kroner i ekstraordinære statlege omstillingsmidlar til Sør-Varanger kommune i Finnmark.

5.3 Andre endringar under programkategori 13.50

Kravet om medfinansiering frå fylkeskommunane til Næringshageprogrammet gjeld ikkje frå og med 2017. Departementet har overfor Siva peika på at det er viktig at dei har ein god dialog med fylkeskommunane, særleg om styring av næringshagane og om endringar i deltakinga i det nasjonale næringshageprogrammet.

Dersom fylkeskommunane likevel gjev støtte direkte til næringshagar som er del av Næringshageprogrammet til Siva, treng fylkeskommunane ikkje å melde denne støtta til ESA. Det er ein føresetnad at fylkeskommunane sender kopi av tilskotsbrevet til kvar enkelt næringshage til Siva, slik at Siva kan rapportere inn støtta til ESA på vegner av fylkeskommunane. Frist for å sende kopi av tilskotsbrev til Siva er 1. desember 2017 til firmapost@siva.no. Dersom fylkeskommunane gjev støtte til næringshagar som ikkje er del av programma til Siva, må fylkeskommunane sjølv vurdere om støtta er omfatta av reglane for offentlig støtte, og følgje opp med nødvendige tiltak overfor ESA.

Kravet om medfinansiering frå fylkeskommunane til regional satsing for forskingsbasert innovasjon (Regionsatsing, tidlegare VRI) gjeld heller ikkje frå og med 2017. Fylkeskommunane har høve til å støtte ordninga med egne midlar.

5.4 Kap. 551, post 61 *Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift*

Nokre fylkeskommunar får løyving på kap. 551, post 61 *Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift*. Løyvinga for 2017 er på 50 mill. kroner, som skal dekkje ei tilsegnsmakt frå 2016. I vedtaket frå Stortinget om statsbudsjettet for 2017 er det bestemt at ordninga skal avviklast etter 2017, etter å ha vart i 14 år. Dette er eitt år tidlegare enn varsla i Prop. 1 S (2015–2016). Vi viser elles til omtalen i Prop. 1 S (2016–2017) *Kommunal og moderniseringsdepartementet* og Innst. 16 S (2016–2017). Midlane blir overførte til fylkeskommunane i 1. kvartal 2017.

6 Informasjon om andre ordningar under Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Under dette punktet har departementet lista opp informasjon om program og aktørar som er knytte til programkategori 13.50, som vi meiner er relevante for fylkeskommunane. Fylkeskommunane har ei rolle i å støtte opp om arbeidet på desse områda.

Utviklingsprogrammet for byregionar

Programmet skal vere med på å styrkje vekstkrafta for byregionane som er med i programmet, og auke kunnskapen om det økonomiske samspelet mellom by og omland. Fase 2 av programmet starta opp hausten 2015 med 37 byregionar og 216 kommunar. Arbeidet i byregionane bør sjåast i samanheng med arbeidet for regional utvikling i regi av fylkeskommunane som regional utviklingsaktør. Vi oppmodar difor fylkeskommunane om å bidra til god samordning mellom arbeid i programmet og anna utviklingsarbeid i fylket, og om å gje fagleg støtte til arbeidet innanfor ramma av arbeidet med regional utvikling. 2017 er siste år med løyving til programmet.

Forenkling av utmarksforvaltninga – forsøksordning

I 2016 sette departementet i gang ei femårig forsøksordning for kommunar som ønskjer å forenkle utmarksforvaltninga. Ordninga skal styrkje førstelinjetenesta i kommunane og forvaltninga deira av utmarka. Prosjekta skal gje auka verdiskaping basert på ressursgrunnlaget i utmarka og bidra til erfaringar som gjev grunnlag for varige tiltak for å forenkle forvaltninga av utmarka. Alle kommunar kan søkje om tilskot, men kommunar som har vedteke kommunesamanslåing, vil bli prioriterte. Fylkeskommunen har ikkje eit formelt ansvar for forsøksordninga, men det er likevel relevant for fylkeskommunane, som regional utviklingsaktør og planstyresmakt, å kjenne til ordninga.

Transnasjonale og interregionale Interreg-program

Departementet finansierer, i tillegg til dei grenseregionale Interreg-programma, norsk deltaking i dei transnasjonale Interreg-programma Østersjøen, Nordsjøen og Nordlig Periferi og Arktis, og dei alleuropeiske programma Interreg Europe, ESPON og INTERACT. Desse programma har same overordna mål som dei grenseregionale programma, men er opne for alle fylke³. Vi oppmodar fylkeskommunane om å samarbeide med dei nasjonale kontaktpunkta⁴ om mobilisering av aktørar i eige fylke.

Merkur-programmet

Målet med Merkur-programmet er å sikre innbyggjarane i distrikta tilgang til ein daglegvarebutikk av god kvalitet i nærområdet. I 2017 blir det innført ei ny økonomisk støtte gjennom Merkur for å styrkje dei aller minste butikkane og sikre vidare drift over tid. Merkur vil òg leggje vekt på tiltak som styrkjer butikken som sosial arena.

³ Med unntak av Nordlig Periferi og Arktis.

⁴ Sjå informasjon om kontaktpersonar på www.interreg.no

Fylkeskommunane har ikkje ansvar for Merkur-programmet, men det er relevant å kjenne til programmet.

Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret)

Innsatsen til Distriktssenteret skal i 2017 i hovudsak rettast inn mot å skape inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar. Distriktssenteret har mål om å tilføre kommunar med slike utfordringar kunnskap som set dei betre i stand til å utnytte den lokale og regionale utviklingskapasiteten. Distriktssenteret skal vere eit knutepunkt for kunnskapsutvikling og formidling om lokal samfunnsutvikling i brei forstand, og ein skal bruke faglege nettverk til å hente ut, vurdere og formidle ny kunnskap om lokal samfunnsutvikling. Vi oppmodar fylkeskommunane om å samarbeide med Distriktssenteret, mellom anna på området lokal samfunnsutvikling.

7 Økonomiforvaltning

7.1 Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler og retningslinjer

Fylkeskommunane har ansvar for at forvaltninga og bruken av verkemidla skjer i tråd med *forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler* av 1. januar 2017 og retningslinjer for kap. 550, postane 62 og 64, og kap. 553, postane 60, 63 og 65 (jf. vedlegg 6 og 7). Desse dokumenta er oppdaterte i tråd med ny mål- og poststruktur for dei nemnde postane. Vi ber om at fylkeskommunane gjer forskrifta og retningslinjene kjende for alle tilskotsforvaltarane.

Alle tilskotsforvaltarar skal gjere ei konkret vurdering av om reglane om offentleg støtte kjem til bruk på tilskotet, før dei gjer vedtak om tildeling. Slik støtte over 500 000 euro skal registrerast i Brønnøysundregistra etter dei reglane som gjeld– sjå punkt 7.3 i retningslinjene.

7.2 Regionalforvaltning.no

Departementet oppmodar alle fylkeskommunane om å ta i bruk modulen for sakshandsaming i regionalforvaltning.no. Det vil gje større utbytte av systemet og ei meir effektiv sakshandsaming.

Fylkeskommunane og dei de delegerer tilskotsforvaltning til (med unntak for IN) må kunngjere alle tilskotsordningar på regionalforvaltning.no. Det skal stilles krav om at søkjarar må nytte nettstaden for å sende inn søknader. Fylkeskommunane må sjå til at alle prosjekta blir registrert i regionalforvaltning.no, jf. punkt 8.1. Alle forvaltarane skal rapportere om bruken av midlane på kap. 550, post 64, og kap. 553, postane 60, 63 og 65 gjennom regionalforvaltning.no. Regionalforvaltning.no vil bli tilpassa det nye systemet slik at aktivitetsindikatorar og dei kriteria for måloppnåing som skal rapporterast årleg frå fylkeskommunane på den enkelte post, ligg inne. Fylkeskommunane skal gje støtte

til kommunar og eventuelle andre forvaltarar i bruk av regionalforvaltning.no, og sørge for god kvalitet i rapporteringa til departementet.

For Interreg er det sekretariatsfylka som har ansvar for å registrere den statlege norske finansieringsdelen i regionalforvaltning.no. Dersom fylkeskommunane har nytta midlar frå delegert ramme utover den statlege finansieringsdelen, må kvar enkelt fylkeskommune rapportere inn desse midlane på regionalforvaltning.no.

7.3 Når fylkeskommunane delegerer forvaltninga til andre

Fylkeskommunen kan delegere tilskotsforvaltninga til andre tilskotsforvaltarar, jf. forskrifta § 4. Etter at ramma til andre tilskotsforvaltarar er vedteken, skal fylkeskommunane utarbeide eit oppdragsbrev eller ein avtale/kontrakt i samsvar med retningslinjene kap. 3 Delegering av forvaltninga.

7.4 Overføring av midlar

Midlane til fylkeskommunane blir overførte tre gonger i året: 1. februar, 1. juni og 1. oktober. Midlane blir overførte til dei same kontoane som i 2016 dersom ikkje fylkeskommunane gjev beskjed om noko anna.

7.5 Kontroll

Riksrevisjonen og Kommunal- og moderniseringsdepartementet har høve til å kontrollere at midlane blir forvalta og brukte i tråd med dette oppdragsbrevet, *forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler* og retningslinjene for kap. 550, postane 62 og 64, og kap. 553, postane 60, 63 og 65.

7.6 Bruk av midlar frå kap. 551, postane 60 og 61

Midlar som etter 2016 står att på kap. 551, postane 60 og 61, skal nyttast i høve til dei måla og vilkåra som blei stilte då midlane blei løyvde. Bruk av midlar som står att, skal rapporterast på regionalforvaltning.no på same måten som tidlegare.

8 Rapportering, evaluering og fristar

Departementet gjev skriftleg tilbakemelding på rapporteringa for 2016 frå fylkeskommunane. Vi vil kome tilbake til korleis vi skal gje tilbakemelding på rapporteringa for 2017.

8.1 Rapportering på tilsegner og rammer for 2017

Fylkeskommunar, kommunar, regionråd og eventuelle andre forvaltningsorgan skal rapportere alle prosjekt finansierte over kap. 550, post 64, og kap. 553, postane 60, 63 og 65 gjennom regionalforvaltning.no. IN rapporterer direkte til departementet på kap.

550, post 62 og kap. 553, post 65. Vedlegg 4 er ei rettleiing om bruken av kategoriane det skal rapporterast på.

Fylkeskommunane skal frå og med 2017 ikkje lenger rapportere om planlagd bruk (halvårsrapportering), og heller ikkje levere ein skildrande årsrapport.

8.2 Rapportering på bruk av stikkordet "kan nyttas under"

Seinast 1. februar 2018 skal den endelege ramma for kvar enkelt post vere lagde inn i regionalforvaltning.no. Vi oppmodar fylkeskommunane om å ha oppdaterte rammer gjennom året i regionalforvaltning.no. Vi ber òg om ein skildrande tekst som grunngrir eventuelle endringar mellom postane. Departementet vil leggje til rette for at ein kan nytte regionalforvaltning.no til dette.

8.3 Evalueringar og fylkesrevisjonar

Vi ber om at fylkeskommunane framleis melder inn evalueringar av dei regionale utviklingsmidlane som i 2017 er planlagde, i gang eller avslutta. I tillegg ber vi om å bli informerte dersom fylkesrevisjonane har hatt vesentlege merknader/funn som gjeld forvaltninga av midlane. Dette skal sendast til postmottak@kmd.dep.no seinast 1. februar 2018.

8.4 Fristar i 2017 og 2018

1. februar 2017	Frist for innsending av rapport for 2016 i regionalforvaltning.no
1. mars 2017	Frist for å sende oppdragsbrev for 2017 til Innovasjon Noreg med kopi til departementet
1. mars 2017	Frist for Oppland fylkeskommune, årleg rapport <i>Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområda</i>
1. mars 2017	Frist for Finnmark, Nordland og Nord-Trøndelag fylkeskommunar til å sende årleg rapport omstillingsarbeid i Sør-Varanger, Meløy og Lierne
21. mars 2017	Frist for skildrande årsrapport for 2016
9. mai 2017	Frist for rapportering av transportstøtte for 2016
15. august 2017	Frist for innspel om omstillingsbehov i 2018
1. februar 2018	Frist for innsending av rapportar i regionalforvaltning.no for 2017, evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2017 og endelege rammer per 31.12.2017.
1. mars 2018	Frist for Oppland fylkeskommune, årleg rapport <i>Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområda</i>
1. mars 2018	Frist for Finnmark og Nord-Trøndelag fylkeskommunar å sende årleg rapport omstillingsarbeid i Sør-Varanger og Lierne
9. mai 2018	Frist for rapportering av transportstøtte for 2017

9 Avslutning

Vi ber om at fylkeskommunane orienterer deltakarane i partnerskapet om innhaldet i dette brevet, og ønskjer fylkeskommunane og partnerskapa lykke til med utviklingsarbeidet i 2017.

Oppdragsbrevet med vedlegg blir lagt ut på nettsidene til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)
ekspedisjonssjef

Grethe Lunde
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

VEDLEGG

- Vedlegg 1 Statsbudsjettet 2017: Fordeling av løyving mellom fylkeskommunane
- Vedlegg 2 Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg og ENI (Kolarctic)
- Vedlegg 3 Mål for programkategori 13.50 2017
- Vedlegg 4 Krav og veileder til aktivitetsrapportering
- Vedlegg 5 Fordeling av løyving på programkategori 13.50 2017
- Vedlegg 6 Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler
- Vedlegg 7 Retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel
- Vedlegg 8 Mal for oppdragsbrev til Innovasjon Noreg

Kopi til:

Distriktssenteret	Ogndalsvegen 2	7713	STEINKJER
Innovasjon Norge Hovedkontoret	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Innovasjon Norge Oslo, Akershus og Østfold	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Kulturdepartementet	Postboks 8030 Dep	0030	OSLO
Kunnskapsdepartementet	Postboks 8119 Dep	0032	OSLO
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
Norges Forskningsråd	Postboks 564	1327	LYSAKER
Nærings- og fiskeridepartementet	Postboks 8090 Dep	0032	OSLO
Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
Sametinget	Ávjovárgeaidnu 50	9730	KARASJOK
SIVA – Selskapet for industrivekst SF	Postboks 1253 Sluppen	7462	TRONDHEIM